



Meland kommune

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 14/4001 - 14/20157

Saksbehandlar:

Randi Helene Hilland

randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:

19.12.2014

Klinikkstrukturplan 2015-2030 for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsuttale frå Meland kommune

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - G40, TI - &13	14/4001

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
88/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Klinikkstrukturplan 2015-2030 for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsuttale frå Meland kommune

Vedlegg:

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030 - høyringsdokument

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan - høyring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fylkesrådmannen i Hordaland gav i desember 2013 fylkestannlegen i oppgåve å utarbeide ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Nemnde plan er no ferdigstilt og Fylkesrådmann sender plan til høyring, før handsaming i Fylkesutvalet.

Intensjon med planarbeidet er følgjande (s.4): «Mål med planen er å utvikle ein klinikkstruktur innanfor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester, av høg fagleg kvalitet. Klinikkane må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på tannklinikkane er og avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte.»

Lov om tannhelseteneste §1-3 definerer tannhelsetenesta sine lovpålagte oppgåver slik:

«Den offentlige tannhelsetjenesten skal organisere forebyggende tiltak for hele befolkningen. Den skal gi et regelmessig og oppsøkende tilbud til:

- Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år.
- Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon.
- Grupper av eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.
- Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.
- Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere.

I tillegg til de prioriterte oppgaver kan Den offentlige tannhelsetjenesten ute tjenester til voksne betalende klientell etter fylkeskommunens bestemmelser.»

I høve plangrunnlaget si eiga utgreiing om konsekvensar gjeldande for Nord tannhelsedistrikt, som inkluderer Meland kommune, viser ein til kapittel 4.2 i vedlegg. Det er vert å merke seg framskrivningar for endring folketal i Meland kommune i perioden 2014-2030. Samla vekst i Meland er her stipulert til 47,2 % (frå 7510 til 11055). For gruppa 0-19 år er det venta ein vekst på 40,1 % i same periode. Meland er med andre ord den kommunen i

Hordaland med størst forventede folkeauke, og vil stå for nær 50% av den samlede folkeveksten i Nordhordland.

Planen legger opp til flere endringer for Nordhordland, og en viser til kap. 4.2 jmfør vedlegg. For Meland kommune er det forslag om å legge ned lokal tannklinikk på Frekhaug i 2018. Pasientene fra Meland er tenkt overført til ny tannklinikk i Knarvik lokalisert i nytt Helsehus med ferdigstilling 2017/2018. Ny tannklinikk for Nordhordland er tenkt å ha 14 behandlingsrom. Forslag på antall behandlingsrom gir slik en samlet reduksjon fra 20 til 14 for Nordhordland.

Tannhelsetjenesten i Hordaland vil ikke dekke reisekostnader for pasienter når aktuelle tannklinikker vert lagt ned.

Vurdering

Meland kommune har i dag eit godt og tenleg desentralisert tannhelsetilbod, som utgjør eit viktig førebyggjande og pleiande folkehelsestilbod til ulike målgrupper jmfør lovkrav. Det er etablert eigne samarbeidsavtalar mellom Meland kommune og tannhelsetjenesten, samt faste årlege statusmøter for utvikling innan tannhelse.

Om ein einseitig vurderer faglege effektar av klinisk arbeid med tannhelse vil ein ny organisering truleg kunne gje minst like godt tilbod som i dag. Imidlertid vil ein mellom anna miste lokal forankring og nærleik til sentrale målgrupper for tannhelsetjenesten.

Reiseveg Rosslund-Frekhaug-Knarvik er i planen stipulert til 19 km og reisetid 23 minutt. Dette føreset bruk av privat bil for målgrupper. Tek ein omsyn til reisetid med offentleg kommunikasjon og ventetid som dagens rutetilbod gir, utanom sentralt på Frekhaug, vert reisetida samla sett lengre. Målgruppa barn/grunnskuleelevar må truleg ha med følgje, og dette vil utløyse nye samfunnsøkonomiske kostnader som ikkje er omtala i planen. Dette er både økonomiske kostnader, men og til dømes skulefaglege verknader i høve til meir fråvær frå undervisning. Verknader for eldre og langtidssjuka i institusjon burde og vore utgreidd meir i plangrunnlag. Det er vidare viktig at ein utgreier moglege effektar sentralisering av lokal tannklinikk vil kunne få for kommunal ressursbruk i høve til målgrupper som har vanskar med lengre reiseveg og/eller ikkje har tilgjengelege pårørande som kan bistå med naudsynt følgje.

Meland kommune er den kommunen i Hordaland som har størst forventede folkeauke, og vil stå for nær 50% av samla folkevekst i Nordhordland. Det er difor særleg viktig at strukturendringar i lokale tenestetilbod har ei brei konsekvensvurdering. Noverande klinikkstrukturplan er ikkje vurdert å ta tilstrekkeleg hensyn til naudsynte vurderingsområde. Døme på dette er:

Folkehelse – Bør utgreiast nærare, til dømes om lengre avstand/reisetid/krav til følgje til lokal tannklinikk vil kunne føre til at einiske målgrupper vil ha vanskar med å møte til tannlege. Det er særleg viktig at endring i struktur kan dokumentere at ein ikkje risikerer å forringe førebyggjande tannhelse lokalt i Meland, samt samla i region.

Miljø – lengre samla reiseveg for innbyggjarar busett ulike stader i Meland vil ha negativ verknad for miljø, særleg om ein legg til grunn auka bruk av privatbil. Tema bør utgreiast nærare før endeleg avgjerd vert fatta.

Økonomi – dei samfunnsøkonomiske konsekvensane bør utgreiast nærare med omsyn til om framlegg til plan søker å optimalisere Fylkeskommunen sin økonomi på tannklinikkstruktur, men parallelt påfører ulike typar kostnader til m.a. privat hushaldning, arbeidsgjevarar og kommunal ressursbruk.

I plan er tidsramme for nedlegging av lokal tannklinikk på Frekhaug relatert til framdrift etablering av Helsehus. I høve framdrift Helsehus viser ein til protokoll frå møte 07.11.14 i regionrådet Nordhordland sak 54/14 – regionalt helsehus.

Plangrunnlaget nemner ikkje pågåande debatt om kommunereform og moglege endringar i oppgåvedeling mellom kommunar og fylkeskommune.

Konklusjon

Rådmann er uroa av manglar i utgreiingsarbeidet som ligg til grunn for endringsforslag i Klinikstrukturplan for tannhelsetenesta. Prosessen bør utsetjast til Fylkeskommunen får etablert eit breiare vurderingsgrunnlag, som og er drøfte med kommunane. I tillegg bør ein avvente omfattande strukturendringer til pågåande arbeid med kommunereform er kome noko lengre. Om Fylkesutvalet likevel vil fatte vedtak av plan med noverande saksgrunnlag, vil rådmann ikkje tilrå ny Klinikstrukturplan slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Meland kommunestyret er uroa av manglar i utgreiingsarbeid for ny Klinikstrukturplan tannhelsetenesta 2015-2030. Dette gjeld område som konsekvensar for målgruppe, folkehelse, miljø og samfunnsøkonomi. Kommunestyret ber Fylkesutvalet utsetje vidare planprosess til ein har fått eit meir omfattande vurderingsgrunnlag, samt at ein har kome lengre i pågåande arbeid med oppgåvedeling jamfør kommunereforma.

Formannskapet - 101/2014

FS - behandling:

FS - vedtak:

Meland kommunestyret er uroa av manglar i utgreiingsarbeid for ny Klinikstrukturplan tannhelsetenesta 2015-2030. Dette gjeld område som konsekvensar for målgruppe, folkehelse, miljø og samfunnsøkonomi. Kommunestyret ber Fylkesutvalet utsetje vidare planprosess til ein har fått eit meir omfattande vurderingsgrunnlag, samt at ein har kome lengre i pågåande arbeid med oppgåvedeling jamfør kommunereforma.

Kommunestyret - 88/2014

KS - behandling:

KS - vedtak:

Meland kommunestyret er uroa av manglar i utgreiingsarbeid for ny Klinikstrukturplan tannhelsetenesta 2015-2030. Dette gjeld område som konsekvensar for målgruppe, folkehelse, miljø og samfunnsøkonomi.

Kommunestyret ber Fylkesutvalet utsetje vidare planprosess til ein har fått eit meir omfattande vurderingsgrunnlag, samt at ein har kome lengre i pågåande arbeid med oppgåvedeling jamfør kommunereforma.